

Noregs vassdrags- og energidirektorat
v/ Velaug Mook
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 Oslo

Sognekraft AS
v/ Nettseksjon / Stian J. Frøiland
Røysavegen 1
6893 Vik i Sogn

Dato: 01.03.2018

Fråsegn i høyring av forslag til endringar i forskrift om kontroll av nettverksemd – Utforming av uttakstariffar i distribusjonsnettet (Referanse 201706767)

I samband med høyring av fråsegn i NVEs høyring om «Forslag til endringar i forskrift om kontroll av nettverksemd – utforming av uttakstariffar i distribusjonsnettet», NVE referanse 201706767, leverer Sognekraft sitt fråsegn i saka.

Sognekraft stiller seg positivt til NVEs framlegg om ny utforming av uttakstariffar i distribusjonsnettet, der utforminga av uttakstariffen bevisstgjer kunden i forhold til eget effektuttak og gir kunden klare signal i forhold til eget effektuttak, då nettopp effektuttaket er ein svært kostnadsdrivande faktor i dimensjoneringa av distribusjonsnettet. Ny uttakstariff basert på abonnert effekt vil potensielt gje kommunikasjonsutfordringar for nettselskap og kraftleverandørar i starten, men etter Sognekrafts oppfatning vil modellen verke pedagogisk og bevisstgjerande på kundens effektbehov og effektuttak over tid. Dessutan vil modellen vere i samklang med den aukande elektrifiseringa av samfunnet, der kundane gjennom mellom anna elbilar, solcelleanlegg, varmepumper, styringssystemer for regulering av effektuttaket gjennom døgnet i betydeleg større grad vil vere opptekne og bevisste på effekt som storleik, eige effektbehov og eige effektuttak til ulike tidspunkt på døgnet.

1. Innspel på «Lik modell for alle uttakskundar i distribusjonsnettet»

Sognekraft støtter framlegget om lik modell for alle uttakskundar i distribusjonsnettet. Tidsdifferensiering av fastledd med abonnement, overforbruksledd og energiledd bør tillatast, for å sikre mest mogeleg hensiktsmessige kostnadssignal til kunde i forhold til lokal

og nasjonal nettbelastningar. Vidare vil ein lik modell legge forholda til rette for auka kundeforståing, betre grunnlag for samanlikning mellom ulike nettselskap og ein felles marknad med like rådevilkår for både kundar og tredjepartar som ønskjer å tilby tenester basert på til dømes laststyring.

2. Innspel på «Behov for krav om å tilby tidsdifferensierte abonnement til næringskundar»

Etter Sognekrafts oppfatning bør det vere eit krav om å tilby tidsdifferensierte abonnement til næringskundar. Det vil vere svært viktig å kunne differensiere fastleddet i høve tid på døgnet og etter sesong, då dette vil gje hensiktsmessige kostnadssignal til næringskundar som vil kunne verke avlastande eller forsterkande på nettbelastninga i samsvar med optimal nettstyring/nettflyt.

3. Innspel på «Behov for krav om å tilby tidsdifferensiert overforbrukspris».

Etter Sognekrafts oppfatning bør det vere eit krav om å tilby tidsdifferensiert overforbrukspris. Dette vil gje nettselskapet optimale rådevilkår, for å formidla hensiktsmessige kostnadssignal på overforbruk i samsvar med den generelle lokale og nasjonale nettbelastninga. Over tid ha difor tidsdifferensert overforbruk ha ein pedagogisk og regulerande effekt på kunden i forhold til å bidra til optimal nettflyt/nettstyring med gjennom tilstrekkeleg tal registreringar av overforbruk og akkumulert overforbrukskostnad.

4. Innspel på «Behov for klarare føringar for fastsetting av prisforholdet mellom abonnement og overforbruk».

Etter Sognekrafts oppfatning kan det vere hensiktsmessig med regulatoriske grenser for prisforholdet mellom abonnement og overforbruk, for å hindre misbruk eller feil bruk av modellen, då dette vil gje uønska kostnadssignalar til kunde og samstundes skape generell støy og misnøye i forholdet mellom nettselskap og kunde i tillegg til generell skepsis til ny uttakstariff.

5. Innspel på «Behov for å gje nærare føringar for kva som legges i at kundane skal ha økonomisk insentiv til å halde seg innafor abonnementet i «dei fleste timane»».

Etter Sognekrafts oppfatning er det her ikkje naudsynt med nærare føringar. Her bør kunden ha valfrihet og eventuelt kunne søke råd hjå nettselskapet i val av abonnement på grunnlag av berekningar.

6. Innspel på «Behov for klarare føringar for fastsetting av abonnement, herunder intervall på trinna og prisstigning på satsane på trinna for å oppnå meir harmonisert tariffutforming».

Etter Sognekrafts oppfatning vil det vere hensiktsmessig med klarare føringar for fastsetting av abonnement, for å oppnå meir harmonisert tariffutforming. Ei harmonisering vil verke konfliktdempande og tryggande i overgangen frå dagens uttakstariff til ny uttakstariff basert på abonnert effekt.

7. Innspel på «Behov for å regulere kundanes mogelegheit til å endre abonnement gjennom forskrift».

Sognekraft støttar NVEs framlegg for regulering av kundanes mogelegheit til å endre abonnement gjennom forskrift. 12 månadars bindingstid verkar fornuftig. Det bør opnast for mogelegheit for oppjustering av abonnement i løpet av gjeldande 12 månadars periode. Dette kan vere aktuelt dersom kunden har vore for opportunistisk i minimering av abonnement og underestimert kostnadar for overforbruk. I slike tilfelle bør kunden kunne justere opp abonnementet (fastleddet). Reduksjon av abonnementet (fastleddet) bør kun vere tillatt kvar 12. måned. Dette for å forhindra opportunistisk val av abonnement i forhold til sesong (sommar/vinter).

8. Innspel på «Behov for å gje nærare føringar for kva som vurderast å vere eit rimeleg nivå på overforbruksleddet i tariffen, og mogelegheit for geografisk differensiering av overforbruksleddet innad i konsesjonsområdet».

Etter Sognekrafts oppfatning bør det innførast ei regulatorisk maksimalgrense for overforbruksleddet. Dette vil hindre misbruk av modellen. Vidare vil det verke konfliktdempande i forholdet mellom kunde og nettselskap. Det vil også forhindre mistillit til modellen blant kundane. Geografisk differensiering av overforbruksleddet kan bidra til lokale viktige kostnadssignal til kundane. Følgjeleg bør NVE tillate, men ikkje sette krav til, geografisk differensiering av overforbruksleddet.

9. Innspel på «Ansvarsfordelinga mellom nettselskap, kraftleverandør og eventuelt Elhub når det gjelder informasjon til kunde om tariffkostnad per time, og når det gjelder nettselskapenes rettleiingsplikt».

Etter Sognekrafts oppfatning bør nettselskapet ha ansvar for rettleiing og informasjon til kunde i samband med tariffkostnad per time. Uttakstariffar er nettselskapets ansvarsområde, både i form av utforming, men ikkje minst i forhold til eigarskap og kompetanse. Sjølv om gjennomfaktorering påfører kraftleverandøren ei viss informasjonsplikt i forhold til uttakstariff, så tviler Sognekraft sterkt på om eigarskapet og motivasjonsgraden hjå kraftleverandøren i forhold til informasjon og rettleiing. Dersom NVE ønskjer å maksimera sannsynlegheita for ein smidig overgang til ny uttakstariff basert på abonnert effekt med aksept og tilfredsheit blant nettkundane, må ansvaret for informasjon og rettleiing plasserast der eigarskapen og kompetansen er til stades – hjå nettselskapet.

10. Innspel på «Krav til å vidareføra variasjonar i endra tapsforhold over året frå overliggande nett til uttakskundar i distribusjonsnett».

Forsyning av uttakskundar i distribusjonsnett er i dei aller fleste tilfelle avhengig av overliggande nett. Følgjeleg bør det vera eit krav til å vidareføra variasjonar i endra tapsforhold over året frå overliggande nett til uttakskundar i distribusjonsnett. Kundar i distribusjonsnett må bidra med kostnadsdekning som samsvarar med deira marginale bruk av nettet.

11. Innspel på «Om ny tariffmodell i framlegg til endring bør tre i kraft frå 1. januar 2020».

Etter Sognekrafts oppfatning bør ny tariffmodell tre i kraft etter innføring av Elhub og tidlegast frå 1. januar 2022. Dette vil sikre nettselskapa nok AMS-data (3 år) til hensiktsmessige utforming av uttakstariff med kundespesifikk dimensjonering av abonnementsledd, overforbruksledd og energiledd. Nettselskapa bør ha informasjonsplikt frå og med 1.1.2020 i forhold til innføring av ny uttakstariff frå og med 2022. Her bør nettselskapa informere kunden om korleis deira respektive nettleige under den nye uttakstariffen ville ha slått ut med kundens aktuelle forbruksmønster. Dermed vil kunden ha 2 års tilvenningsperiode til den nye uttakstariffen. Dette vil vere tillitsvekkande i forhold til kundeaksept av den nye uttakstariffen basert på abonnert effekt.

Med venleg helsing,



Stian J. Frøiland

Nettsjef

Sognekraft AS

T: +47 45 97 06 16

E-post: stian.froiland@sognekraft.no